

Vestlandsrådet

Årsmelding
Vestlandsrådet 2013

Vestlandet - der verdiar vert skapte

Vestlandet ligg på topp når det gjeld verdiskaping i Noreg, og vi er ein viktig bidragsytar til dei nasjonale eksportinntektene som utgjer eit viktig grunnlag for landet si velferd.

Vestlandsrådet har vunne fram i kampen for å betre samferdsla i landsdelen. Stortinget si samla tilslutning i Nasjonal transportplan (NTP) til kravet om opprusting og ferjfri E39 er eitt av dei viktigaste vedtaka for å sikre vidare vekst på Vestlandet. Vi vil få tryggare vegar og lettare framkome. Sigeren er eit resultat av vår samla innsats. Eg trur Stortinget sine vedtak om E39 er eitt av dei aller beste døma på at Vestlandsrådet trengst. Vi har gjennomslagskraft og -evne. Vi får til gode løysingar når sakene er store og viktige nok.

Vestlandsrådet har eksistert i 11 år, og har engasjert seg i svært mange og ulike saker, i tillegg til E39-saka. Ein stor del av engasjementet i Vestlandsrådet gjennom heile 2013 har vore retta mot korleis vi skal arbeide framover. Alle er samde om at dei fire Vestlandsfylka har mange muligheter for utvikling på felles område. Vestlandsrådet er nettopp danna ut frå opplevelinga av at fylka har felles utfordringar.

Det ligg klare vinstar i at vi framleis samlar kreftene for å utvikle Vestlandet!

Det vil alltid vere krevjande å utvikle seg vidare som politikar for eit samla Vestland, i tillegg til rolla som fylkespolitikar. Vestlandsrådet treng politikarar som er engasjerte i arbeidet for den regionale heilskapen.

I arbeidet vidare skal Vestlandsrådet sitt arbeidsutval, AU, ta eit hovudansvar for å setje den politiske dagsorden. Dette inneber mellom anna å nytte nettverk og informasjonskanalar aktivt til å fange opp viktige utfordringar og behov som er av særleg interesse for dei fire Vestlandsfylka. AU skal kunne setje i gang prosessar som grunnlag for å ta politiske initiativ, og såleis fungere som eit politisk beredskapsorgan.

Med venleg helsing

Åshild Kjelsnes

Åshild Kjelsnes

Leiar i Vestlandsrådet 2013



Vestlandsrådet

- eit politisk samarbeid mellom fire fylkeskommunar

Vestlandsrådet er eit formelt samarbeid etablert av dei fire fylkeskommunane Møre og Romsdal, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Gjennom felles innsats skal Vestlandsrådet fremje landsdelen nasjonalt og internasjonalt ved å koordinere den politiske innsatsen, og såleis aktivt påverke rammeverksemda for landsdelen.

Rådet er sett saman av fem politikarar frå kvar av dei fire fylkeskommunane. Den administrative ressursen er ein fast tilsett dagleg leiar, sekretariatsleiar, som jobbar tett opp mot fylkeskommunane si faglege og politiske leiing.

Gjennom året

Ein fellesskap for eit betre Vestland

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet etablerte i 2003 Vestlandsrådet. Basert på ein samarbeidsavtale, vedtekter og ei felles politisk plattform vil fylkeskommunane fremje Vestlandet som eit tyngdepunkt for landet innan næringsverksemd, og som har store natur- og kultirkvalitetar. Landsdelen har mange felles interesser nasjonalt og internasjonalt, og gjennom påverknad av rammevilkåra vert det arbeidd aktivt for å skape gode utviklingsmulegheiter.

Ein viktig diskusjon

Vestlandsrådet har i fleire møte drøfta behovet for ei revidert politisk plattform som skal gjelde fram til neste valperiode. Ein har vore samde om å spesielt styrke følgjande område:

- Samferdsletiltak som skal styrke landsdelen, gje betre konkurranseskraft og lette kommunikasjon og transport.
- Utvikling av fellesprosjekt for å fremje utvikling på Vestlandet og setje saker på dagsorden.
- Felles oppgåveløysing vert sett i fokus, særleg inn mot vidaregående opplæring og organisering av kollektivtransporttilbodet.
- Det internasjonale arbeidet skal styrke Nordsjøsamarbeidet og kontakten mot EU.
- På kulturfronten skal Vestlandsrådet engasjere seg i saker som har klare fellesinteresser. I tillegg skal rådet si beredskapsrolle framhevest gjennom å følge opp nettverk og politiske signal og -prosessar som er viktige for landsdelen.
- Revidert politisk plattform, samarbeidsavtale og vedtekter skal vedtakast i byrjinga av 2014.

Ein fellesskap for eit betre Vestland

Møte i Vestlandsrådet.

- 8. februar på Gardermoen
- 13.-14. mai i Loen
- 16. september i Bergen/Flesland
- 3. desember på Gardermoen

Det vart i 2013 handsama til saman 28 saker. I tillegg kjem fleire meldingssaker. Blant sakene var ein ferjefri og opprusta E39 på Vestlandet, Kulturutgreiinga, Handlingsplan for riksvegnettet 2014-2017, kriterium for laksekonsesjonar, ein marin strategi for Vestlandet og ein felles reiselivsstrategi.

Møte i Arbeidsutvalet (AU)

AU er sett saman av dei fire fylkesordførarane. Alle AU-møta i 2013 var telefonmøte. Arbeidsutvalet vil vanlegvis ikkje saksbehandle for Vestlandsrådet, med unnatak av når det er delegert slikt mynde til AU. Frå tid til annan, m.a. ved særleg korte tidsfristar, vil AU kunne uttale seg på vegne av Vestlandsrådet. Elles vert det gjeve orienteringar og diskutert moglege saker som kan leggjast fram for Vestlandsrådet. Det vart i 2013 handsama i alt 21 saker på AU sine fem møter. I tillegg gav AU fleire uttalar og fråsegner.






Deltaking og innspel

- Vestlandskonferansen vart halden i Stavanger Konserthus med tittelen «Det grenseløse Vestlandet», der det var deltakarar frå næringsliv, politikk og presse. Vestlandsrådet er partner i denne konferansen.
- Prosjektleiaren i Statens Vegvesen for ferjefri og utbetra E39 har orientert Vestlandsrådet om planar og framdrift etter Stortinget sitt vedtak i saka om Nasjonal transportplan.
- Norsk Sjømat/Fiskeriforum Vest var invitert til Vestlandsrådet for å orientere om sjømaten sine moglegheiter og innverknad på folkehelsa, og viktigheita av å ha ei sterk marin klynge.
- Leiinga i Risavika hamn deltok på møte i Vestlandsrådet for å fortelje om deira tankar omkring korleis Vestlandet kan utvikle sine hamner og styrke den sjøgåande transporten.
- Sekretariatsleiaren deltok i Statens Vegvesen sine prosjekt om verknadene på samfunnet og utviklinga ved å realisere ein ferjefri og opprusta E39.
- Fylkeskommunane har sett i gang eit nettbasert prosjekt som skal lette informasjonen om stadar og plassar som har lagt til rette for universell utforming.
- Vestlandsrådet møtte fleire bedrifter under sitt møte i Loen; Moods of Norway, Remerk-prosjektet (Farmhouse), John Hagen og Innvik Sellgren.
- Fylkesordførarane frå Vestlandsrådet hadde møte med samferdsleminister Marit Arnstad for å drøfte dei auka kostnadane ved fylkesvegferjedrift og korleis staten kan medverke til å kompensere desse.

Innspel

- Vestlandsrådet gav fråsegn til Kulturutgreiinga 2013. Det vart uttrykt ønske om at det bør utviklast kulturelle senter over heile landet, og ein var kritisk til den sterke rolla Norsk Kulturråd har fått.
- Det vart sendt ei fråsegn om Digitalt Vestland til Samferdselsdepartementet, der ein understreka viktigeita av å skape betre breibanddekning med høgare hastigkeit. Staten bør ta eit større ansvar for breibandutbygginga.
- Vestlandsrådet sende fråsegn til St.meld. 13 (2012-13) «Ta heile Noreg i bruk». Det vart i fråsegna m.a. peikt på at ein bør oppvurdere byane og dei regionale sentra si rolle i utviklinga av det regionale Noreg. Dessutan vart det fremja eit ønske om sterkare fokus på utflytting av statlege arbeidsplassar og etablering av nye statlege arbeidsplassar utanfor Oslo.
- Vestlandsrådet ber regjeringa auke finansieringa av Interreg B- og C-programma, og såleis sikre same vilkår for støtte som vi ser i samanliknbare EU-land.
- Vestlandsrådet sende uttale til sentrale styresmakter der ein bad om at omorganiseringa av 110-sentralane på Vestlandet ikkje vert gjennomført så lenge det ikkje er lagt fram ei utgreiing som syner at omlegginga er tenleg sett frå nasjonale, regionale og lokale omsyn.
- I samband med handlingsplanen for riksvegnettet 2014-2017 peikte Vestlandsrådet på behovet for auka vegvedlikehald, opprusting av tunellar, auka skredsikring og auka satsing på kollektivtrafikkinfrastruktur.
- Samferdsledepartementet fekk overlevert sterke oppmadingar frå Vestlandsrådet om å halde tempoet i utbygginga av heile den ferjefrie og utbetra E39. Framdriftsplanen må sikrast, prosjektet må drivast fram som ein samla plan og eit eige prosjekt samtidig som det må løvvast tilstrekkelege ressursar til planlegging og nødvendig forsking og utvikling.
- Den norske havbruksnæringa har sitt tyngdepunkt i vestlandsregionen. Vestlandsrådet har vedteke ei fråsegn som syner at ein ønskjer oppretting av eit «Global centre of expertise» innan marine næringar på Vestlandet.



Transport og næring til vekst og utvikling

Ferjefri og opprusta E39

Vestlandsrådet har hatt ein ferjefri og opprusta E39 som den viktigaste saka på sin dagsorden dei siste åra. Gjennom Stortinget sitt vedtak av St.meld. 26, Nasjonal transportplan 2014–2023, vart prosjektet løfta fram som eitt av landet sine store samferdslesatsingar. Det er anerkjent at Vestlandet og Noreg treng eit effektivt transportsystem for å styrke det tunge næringslivet i landsdelen, samt for å gje innbyggjarane enklare og raskare moglegheiter for mobilitet over store avstandar. ROGFAST vert i første omgang prioritert, og dette prosjektet har starta opp. Likeeins er det gjeve prioritet til firefeltveg på E39 Svegatjørn-Rådal i Hordaland.

Vestlandsrådet vil framover ha full merksemd retta mot dette prosjektet slik at det vert gjennomført kontinuerleg, og slik at det vert tilført nødvendige ressursar som sikrar realisering av heile strekninga mellom Kristiansand og Trondheim i løpet av 20 år.





Riksvegnettet må rustast opp

Frå Vestlandsrådet er det kome eintydige signal når det er gjeve fråsegn i samband med handlingsprogrammet for riksvegnettet 2014-2017. Vegvedlikehaldet må ha høg prioritet framover for å sikre kvaliteten også med omsyn til vinterdrift, drenering og vegoppmerking. Dessutan støttar ein Statens Vegvesen si satsing på opprusting av tunellar både for å auke framkoma og utifrå eit overordna tryggleiksomssyn.

Skredsikringa må styrkast på mange vestlandsvegar. Samstundes understrekar Vestlandsrådet at staten må bidra med større midlar til kollektivinfrastrukturen på riksvegane og til bymiljøavtalane.

Marin satsing

Vestlandsrådet har handsama ein marin strategi og uttalt at dette er eit særskilt viktig satsingsområde. Det er vedteke at næringa må baserast på kunnskapsbasert forvalting. Vestlandet skal vere fremst på utdanning, forskning og innovasjon i heile verdikjeda. Mellom anna må den vidaregåande opplæringa gje marine tilbod, det må gjevast ingeniørutdanning på Vestlandet og forskinga må stimulerast gjennom å få akseptert eit «Global centre of expertise» innan marin klyngje. Ein skal stimulere til internasjonal deltaking innan forsking og utviklingsprogram, skape auka samarbeid mellom fylkeskommunane samt påverke den europeiske marine politikken gjennom Vestlandsrådet sine europeiske samarbeidsorgan.

Fleire statlege arbeidsplasser til Vestlandet

Dei statlege arbeidsplassane er viktige kompetansearbeidsplasser. Etter Vestlandsrådet si meining vil statlege institusjonar og funksjonar ha stor verdi for utviklinga i landsdelen. Ein ønskjer difor at nye funksjonar eller einingar med arbeidsplassar som skal flyttast ut, vert vurdert lagt til denne landsdelen.

Styrka forsking

Kompetansen innanfor Vestlandet er svært høg på mange fagområde. Samstundes ligg det mest truleg eit uforløyst potensiale i å forsterke denne gjennom eit endå sterke samarbeid mellom forskings-institusjonane og i tillegg gjennom å syte for at kompetansepotensialet i fylka blir betre kjent og utvikla. Vestlandsrådet ønskjer difor å utarbeide ein forskingsstrategi for å klargjøre grunnlag og problemstillingar.





Kultur på Vestlandet

Vestlandsrådet handsama i 2013 Kulturutgreiinga (Enger-utvalet), og fekk i den samanhengen utarbeidd ei særskild utgreiing om «Offentlege kulturutgifter på Vestlandet under Kulturløftet 2005-2012», skriven av Georg Arnestad ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Tala som kom fram i utgreiinga tyder mellom anna på at idrett, idrettsbygg og kulturbrygg er dei eintydige vinnarane av «kulturkronene» i vestlandskommunane, medan taparane er «andre kulturutgifter» saman med aktivitetstilbod til born og unge og folkebiblioteket. Driftsutgiftene til kultursektoren i fylkeskommunane har vore relativt stabile i perioden som det her er sett nærmere på.

Start på ein reiselivsstrategi

Ein felles reiselivsstrategi vart i 2013 handsama i Vestlandsrådet. Denne vart utvikla på bakgrunn av dei fire fylkeskommunane sine reiselivsplanar. Seks innsatsområde vart prioriterte: samferdsle, lønsemd, marknadstilgang, heilsakplege opplevingskonsept, effektiv organisering av fellesoppgåver og måling og utvikling. Det var også ønskje om å utarbeide årlege handlingsplaner ilag med fylkeskommunane.

Kultur og natur



Vestlandsrådet samla i Loen

Vestlandsrådet har eit relativt aktivt forhold til fleire internasjonale organisasjoner med medlemer frå land med tilknyting til Nordsjøen og nordlige hav, samt mot EU. Kompetanse innan EU og EØS sine moglegheiter står sentralt i det internasjonale arbeidet.

Vestlandsrådet har vedteke å halde fram sitt engasjement i det nordiske atlanterhavssamarbeidet (NORA). Organet skal bidra til å styrke samarbeid og utvikling i regionen, og består av Grønland, Island, Færøyane og kyst-Noreg. Organisasjonen støttar fellesprosjekt innanfor fleire område, mellom anna marine ressursar, IKT, turisme og transport.

Elles deltek Vestlandsrådet i EU sitt Interreg-program for å fremje sosial og økonomisk integrasjon.

Ut i verda

Medlemmer og sammensetning av Vestlandsrådet

ROGALAND



Fylkesordfører
Janne Johnsen (H)



Fylkesvaraordfører
Terje Halleland (FrP)



Tom Tvedt (Ap)



Ellen Solheim (KrF)



Arne Bergsvåg (Sp)

HORDALAND



Fylkesordfører
Tom-Christer Nilsen (H)



Fylkesvaraordfører
Mona Haugland Hellenes (V)



* Ruth Grung (Ap)



Bente Bondhus (Sp)



Terje Søviknes (FrP)



Sveinung Valle (Ap)
* Kom inn i Vestlandsrådet
da Ruth Grung ble valgt
inn på Stortinget.

SOGN OG FJORDANE



Fylkesordfører
Åshild Kjelsnes (Ap)



Fylkesvaraordfører
Jenny Følling (Sp)



Norvalv Distad (H)



Frank Willy Djuvik (FrP)



Norval Nøringset (SV)

MØRE OG ROMSDAL



Fylkesordfører
Jon Aasen (Ap)



Fylkesvaraordfører
Gunn Berit Gjerde (V)



Frank Sve (FrP)



* Helge Orten (H)



Torill Melheim Strand (Ap)



Anne Dub Liaen (Ap)
* Kom inn i Vestlandsrådet
da Helge Orten ble valgt
inn på Stortinget.

Vestlandsrådet

Postboks 130, 4001 Stavanger

Telefon: +47 913 22 463

Epost: odd.erik.hansgaard@rogfk.no

www.vestlandsraadet.no



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

www.hfk.no



MØRE OG ROMSDAL
FYLKESKOMMUNE

www.mrfylke.no



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE

www.rogfk.no



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

www.sfj.no